

Vi dukkar i protokollane

Tidleg på 1980-talet gjekk eg gjennom tingbøker frå Vesterålen for perioden 1710-1748 (mikrofilm), med hovudvekt på Andøya (Myre fjerding og Andenes fj.) og på Bø (Vinje fj. og Malnes fj.). Dertil skifteprotokollar frå store delar av hundreåret, og til dels også kyrkjebøker. Desse tingbøkene inneheld m. a. mykje stoff om borgarar og utliggarhandel, og det kom ein tanke smygande: Kor mange varianter er det t.d. råd å få til av namneforma *Trondhiem* frå denne tid? Du må då rekne med variantar 1) med og utan *h* i førsteleddet, 2) med og utan *d*, 3) med *o* og med *u*, 4) med og utan *b* i siste leddet — når det skal vere med «style»! Nåja, det er berre så måteleg interessant, filologisk og matematisk.

Kva hundreår er mest interessant?

Viktigast er å hugse at slumpen rår. Bø-presten Niels Simonsøn Viby, som etter namnet å dømme kom (eller ætta) frå Sjælland, fører t.d. opp gardsnamna Eide og Rise frå Malnes sokn som Eide og «Riset» i Prestenes Mandtall 1666. På 1700-talet er Eide (så vel som Rise) den vanlege skrivemåten. - I vår tid heiter det derimot Rise og «Eidet» (postadresse), heilt omsnudd, og framleis er alt like halvrett og halvgjort som det var frå hans hand.

1700-talsformene er interessante, men den som har sysla litt med gardsnamn vil vite, at det er på tidleg 1600-tal du finn dei mest genuine (talemålsnære) eller minst «oppfiffa» skriveformene. Etter som skriveskikkane festnar meir utetter hundreåret, blir skrivarane flinkare til å lugge bort alt som ser udansk ut, i alle høve frå landskyldlister og anna materiale som kunne gjerast ferdig på førehand, og så langt språkstoffet var lett forståeleg.

Skilnad på jordebøkene

I skiftesaker og på leidangsberget var gods og «de kjære penge» hovudsaka - i tingstua stod det om å få med «acten» det som kunne vere juridisk viktig. Psykologisk låg altså forholda til rettes for at sirlege skrivevanar tufta på sedvane kunne gleppe, i slike fora. Som dei også gjorde, ikkje reint sjeldan. Eit døme kan vere gardsnamnet *Medby* i Bjørnskinn sokn, skrive «Medby(e)» jamt og trutt gjennom hundreåra, uttalt [“mæbby] og til dels [‘mæby]. Og nettopp skriveforma *Mæby* dukkar opp i eit skifte frå 1745.

Noko liknande gjeld grannegarden (grenda) *Forfforden* [“fårr-], skrive Furrefiord i lensrekneskapen 1567 og Furefiord i jordboka (landskyldlista) 1607, men same året også *Forrefiord* i leiglendingslista. Og slik skifter det vidare: Fwrefiordt 1711 (leiglendingslista), Forfiorden tingboka 1716, Fwrfiorn 1720, Fwrrefiord tb. 1730, Forefiorden tb. 1743, Forfiorden skattelista 1750, Fwrefior Prestenes Mandtall 1666 — for ikkje å gløyme «Fwrefurd» i jordboka 1647! Den genuine uttalen er på vikande front i skrift, og det er ingen tvil om at austnorsk «furu» (motsett «fårra» i målføret) gav normen: Det står «Furueffiorden» i eit skifte 1756 — jamfør at grannegarden *Fornes* ("fårness) er kalla Fwrrenes 1567 (lensrekn.) og «Fyrnis» i leidangen 1633. Eit liknande døme er *Skogvoll* (stum g) på Andøya: Formene frå 1521 (tiendepengeskatten) er delvis kuriøse, nemleg Skoffwaldt, Skowell (men også Skowoll), mens iallfall Schouold og Skouold frå leidangen 1607 er nokså lydrette på sitt vis. Like fullt er det nytta diftong *ou* både 1610, 1614, 1661 osv. Enda i tingboka 1743 fann eg Schauvold. Ei sak for seg er at presten Niels Jørgensøn Romsdall, som etter tilnamnet å dømme kan ha vore av innflyttarslekt på Andenes, skriv «Skarvaldt» i Prestenes Mandtall 1661!

Døme på «feilnormering»

Gardsnamnet *Lynghaugen* ("lønghøuen) i Vinje fjerding vart utsett for liknande normering ei tid: Kring 1620 og like før merkar vi fleire gonger dansk mønster *Liung-* (dels også *Lung-*). På 1700-talet er der morosam bryting mellom *Lønghoug* i Vinje tb. 1737, *Lynghauwen* tb. 1743 og *Lønghouen* tb. 1746. Men Lyng- slo aldri heilt igjennom: Symptomatisk nok var det forvanskinga «Lundhoug» som vann fram etter kvart.

Noko for seg sjølv er buplassnamnet *Kleiva* ('klæva) under Andenes fj. Her rår skriveformer som Kløffuen eller Kloffuen på 1600-talet, mens det i 1700-åra går på Kløwen eller Kløven. Dette er så gjennomført at du stundom kan tvile på at det er same staden du har for deg! - Her må ei anna «normerande» kraft ha verka inn, mest truleg *Klauva* eit par stader i Troms? På 1640- og 1660-talet kjem likevel «Kleven» slengande nokre få gonger; og i 1743 - då buplassen er blitt øyde for kort tid sidan - står det brått *Klev* i Myre tb. Til samanlikning er det interessant at også plassnamnet *Kleiva* under garden Haugsnes i Bø må ha hatt uttalen Klæva i førre hundreår, etter jordskiftedokument frå staden å dømme.

Skrifflig «pynt»

Som før nemnt, slumpen rår, og så måtte det bli i ei tid utan reglar for korleis stadnamn skulle skrivast: Bugsnes eller Buksnes i Bjørnskinnsokn heiter *Buxnes* i 1567 og svært mange gonger seinare med (i 1607 både Buxnes og Boxnes). I 1611 er det Buxnes og Bugsnes – det siste også i 1617 og fleire gonger fram til 1619 – og i Prestenes Mandtal 1666 står *Bugsness*. Men Bogsnes finst også fleire gonger, t.d. 1616, likeins 1618 (leiglendingar og husmenn), vidare 1664, dertil *Bogssnis* i 1622. Særskilt interessant er det enkle *Bugsnes* frå 1610.

Men slik smaken i tida eingong var, vart alltid formene med chs, cks, gz og ikkje minst x rekna som dei gjævaste. Så på 1700-talet blir forma Buxnes innarbeidd, med Boxnes(s) som variant. - Elles la eg i tingboka merke til at den tid Bugsnes vart tingstad etter Myre, utpå 1760-talet, tok skrivarane brått i bruk ei til då ukjend nemning «Bjørnschind fierding». Men dette vart berre eit blaff, snart kom Myhre fierding tilbake, i samsvar med skrivetradisjonen. (Elles heiter det no berre Myre og dels Myrre fjerding heilt fram til 1742 - då dukkar *Myhre* opp.) I eit skifte frå 1779 fann eg tilsvarande «Schafdahlen» (!) som namn på husmannsplassen Skavdalen; tre år seinare var dette moderert til «Schav-».

Fordansking av tilsynelatande («falsk») hokjønnsform

Om lag samtidig viser «Veha» seg som skriveform for *Ve*a i Vinje fj. tidlegare skrive *Vede* eller *Wedde*, ofte til forveksling likt skriveformer av husmannsplassnamnet *Væte* under Nakling i Bøværøya. Presten Simonssøn Viby skreiv *Vedden* for *Ve*a.

Ramsa i Myre fjerding hadde lenge stø skriveform på *-aa*, trass i uttalen. Men i tb. 1716 kjem det ei ny hand, «mig constitueret sorenskriver Herman Pedersøn Randulf», og han prøver seg fram utan fordommar med «Ramse» på sommartinget og «Ramsten» på hausttinget! Men året etter må han ha bladd litt meir i tingboka, for då skriv også han «Ramsaa».

Ekte og «falsk» fleirtalsform -an blir til eintal

Kavnorske fleirtalsformer på *-an* valda mang ein skrivar sjelekvaler: *Åsand* i Malnes fj. (under Vinje hovudfj.) hadde lenge ei stø skriveform *Aasand*, men den palatale uttalen av sisteledet ser ut til å ha blitt borte, og etter 1740 dukkar det lydrette *Aasan* opp i kyrkjeboka til presten Müller. Denne tilsynelatande heilnorske fleirtalsforma vart snart bytta ut med eintalsformer som «Aase» og

«Aasen»! - *Vikan* i Vinje fj. gjekk tilsvarende under namn av «Viig (h)», «Vi(i)che», «Vicke» og «Vikke», lenge før den tid.

Diftongproblem

Svært problematiske for skrivarane kunne dei namna bli som både hadde (tilsynelatande hokjønnsartikkel og diftong. Såleis *Saura* ("søura) i Myre fj., skrive «Sørøen» i jordboka og leidangen 1607, i 1611 dertil Søre og «Søfred»! I skattemanntalslista over leiglingar står derimot «Søredt». Det relativt lydrette *Søre* står òg i skattemanntalet 1643, mens Prestenes Mandtall 1666 har *Søre* på «skikkelig» dansk - og «Selge-» for Sellevoll! Den nyss nemnde Randulf skriv *Soura* i tb. 1717, men året etter også *Soure*. - I tingbøkene frå 1740-talet står både *Saure* og *Soure*, det mankerer berre **Seure*. Noko liknande er ute og går når *Forøya* ("fårrøya) i Vinje fj. - ofte skrive «Førøen» av di skrivaren truleg skjegla til grannegarden Føre - får stavematen «Førøyen» i tb. 1733.

Skrivarane styrte lettare klar av diftong når han var einaste «fella», men ikkje alltid: *Steinsvika* i Vinje fj. går oftast for Steensvig(en), men i tb. 1740 kjem brått Steinsvig. Likeins Breywigen 1743 og Scharstein 1748, i skifte frå Myre fj. Til samanlikning er det litt morosamt at ein av medlemmene i lagrettet på Myre 1746 og 1747 blir kalla Halvstein Nilsen (med Halvdan som mønster?) Her går folkespråk og folkeetymologi hand i hand.

Men aktar du deg for staupet på eine sida av vegen, kan du lett plumpe uti på hi: Det gjeld iallfall for han som i Myre tb. 1744 skriv Ol Nilsen Aachenes. Litt morosamt er også eit tilfelle som har med Vinje fj. å gjere: Gardsnamnet *Auvåg* er på første halvdel av 1600-talet ofte skrive med diftong, og lar seg då lese som **Auding-* og **Aude-* og **Au-*. Men fordanskinga *Ude-* og *Uvog* kjem inn, festnar seg og overtar så heilt - til bygdeuttalen brått stikk hovudet opp att i Vinje tb. 1743 med «*Hauwog*»!

For akkurat denne garden er elles variasjonsrikdommen i skriveformer heilt ekstrem: *Vduog*, *Wouog* (les det siste som *ouvåg*, *auvåg*) år 1567, *Ødinguog* og *Udeuog* og *Eyneuog* (les *øynevåg*) 1610, *Wddeuog* 1611, *Ødinguog* 1612, *Effueuog* (les *øvvevåg*, *øuevåg*) 1613, *Audingwog* og *Øffdinguog* 1613, *Øffdingwog* 1614, *Uduog* og *Ødinnuog* 1615, *Uduog* og *Uddeuog* 1616, *Ouogh* (les *uvåg*!) 1617, *Uduog* og *Udoegh* 1617, *Vduog* 1618, *Wduog* og *Udeuog* 1619, *Uduogh*, *Udeuogh* og *Ounwogh* 1620, *Uduogh* og *Oudtuogh* 1620, *Uduogh* og *Oudeuogh* 1621, *Øfferuogh*! 1623,

Audevog, Audeuogh 1647, *Uwogh* med Klachsiord 1664, *U-wog* 1717, *Uvog* 1723, *Ouvog* 1792.

Skifte berre i skrivevanane

Framlyden i bygdenamnet Qvæfjorden vann skrivarane oftast ikkje å gjere så mykje med, t.d. i Myre tingbok 1745. Det same gjaldt langt på veg for det særprega gardsnamnet *Kvalsaukan* ('kvalls-) i Sortland, skrive *Qvalshauche* i Sortland tb. 1744. Regelen var altså å markere framlyd kv med *qv-* eller *qu-*, og forma «Hualsach» frå jb. 1647 er unnatak. Også for *Kvalnes* ('kvall-) i Myre fj. og for *Kvalvika* ('kvall-) i Malnes fj. gjaldt lenge same skriveregel. Men i Vinje tb. dukkar skriveforma *Hvalvigen* brått opp i 1749, og likeins *Hvalnes* i eit skifte frå Myre fj.

Utetter 1700-talet merkar vi òg eit anna skifte i skrivevanane:

Morsund og *Skorvagen* i Vinje fj. får oftare og oftare sin korte, opne *o* i førsteleddet markert som *aa*. Men endå kring 1780 finst den eldre skrivemåten i fleire skifte.

Skifte også i uttalen

Eit «svårtolkad» namn er *Lokkøya* ('låkk-) i Vinje fj., skrive *Leek-* i AB. *Leek-* 1567, *Lech-* 1610, *Leek-* 1614 og *Lechøen* i Pr. Mt. 1666. På første halvdel av 1600-talet er likevel skriveformer med *Løch-* o.l. meir vanlege (dertil med *y!*) Var *Løkk-* ein kjend uttale då, kanskje attåt *Lekk-* med *ø* avrunda til *e?* Merkeleg er i alle høve *Lechøen* i eit skifte så seint som 1786.

Tvil er det elles ikkje så stor grunn til, dvs. ingen kan ta feil av den heilhuga viljen til å få fram at uttale og skrivemåte høyrer til to høgst ulike sfærer. - I sin iver etter å fjerne norske særmerke kunne skrivarane like fullt oversjå lokale målførefinesser så lenge desse fortona seg lite «opposisjonelle» i høve til dansk. Eit slikt døme er *Haugnes* i Andenes fj., skrive *Hogenes* 1521 og 1607, likeins *Hognes* 1614. Utetter 1600-talet finn vi alt oftare *Hou-* og *Houg-*, etter kvart også *Hau-* og *Haug-*, mens utstafferte former som *Houff-* og *Houffue-* frå den første tida ikkje vart ståande. Men merk at det på Melchior Ramus kartskisse over «Anden» (Anda) 1689 rett og slett står *Haanes*.

No har det iallfall fram til 1950-åra vore vanleg å uttale stadnamn med sisteledd *-haugen*, *-haugan* som *-hågen*, *-hågan* på Andøya (i namn på fjell er dette nærmast einerådande enno). Likeins med appellativet *torv(e)-haug* «stad der du stikk torv», og t.d. figurleg

under bærplukking: «håg på spanna», «spanna va håga». Men ingen minnest monoftongering av same slag i gardsnamna Haugnes og *Haugen*, trass i gamle skriveformer som peikar i den lei. Sistnemnde gard (i Bjørnskinn sokn) heiter *Hou* 1567, Houff i jb. 1607, motsett *Hoginn* eller like gjerne *Høgen* i leidangsskatten same år. Jamfør så Houge 1610, *Hoyen* 1611, Høy og *Hogenn* 1614, Hou 1619, *Hoinn* 1620, paa Høye 1623, Houff og *Hogenn* 1633-1634, i *Hoien* 1636, Hoig 1637, Høyen 1647, *Hauenn* 1661 og Høien 1666. Frå hundreåret etter noterte eg *Hojen* i tb. 1711 (både Myre og Andenes fj.), og likeins 1712 og utetter. Så kjem *Hougen* 1716 med skrivaren Randulf, men i tb. 1727 er *Hoien* tilbake, like eins *Hojen* fleire gonger frå 1730 og utetter - til *Houen* festar seg i 1735.

Det er vanskeleg å tru at både bunden form Haugen og ubunden form Haug med dativ Hauge (dansk Høy og Høyen er uinteressant her) var brukt i talemålet på 1600-talet. Eksempla vitnar eigentleg om noko anna, nemleg folkeleg seiemåte, ispedd vilkårlege danske skriveformer som vart ført vidare gjennom avskrift-automatikken. Det kan ikkje vere nemnande tvil om at uttalen på 1600-talet og ein god del av 1700-talet må ha vore Håjen eller Hågen.

«Fri» skriftleg variasjon utan omsyn til uttalen

I Dverberg sokn ligg *Nordmela* (”norrmeta) og i Bjørnskinn sokn *Sørmela* (“sørrmeta). Innanfor eige sokn kan folk kalle begge gardane for berre *Mela* (“meta) òg - men når folk frå alle tre Andøysokna møtest, vil det siste helst sei Nordmela. Opphavet til namnet er i begge tilfelle dei store sandmelane, altså gno. **Melar*. På Nordmela finst foresten også *Melan* som lokalt stadnamn.

På første halvdel av 1600-talet er den nokså dialektnære skrivematen *Nord-* og *Sørmelle* nytta ganske ofte (oppfatta som hokjønnsord). På 1700-talet gjer denne tradisjonstråden mindre av seg: Eg såg berre Nordmelle i Myre tb. 1721 og dertil *Meele* (om Nordmela) i eit skifte 1752. Rett nok hadde ei ny hand skrive *Sørmeele* i Myre tb. 1743 - men like fullt Nordmiele og Nordmielle i same slengen! Dei to siste formene er framhald av ein annan skrivetradisjon frå 1600-talet, nærmast einerådande etter 1650: *-mielle* og *-mielde* (for begge gardane). Etter 1700 er *-miele* og *-mjele* vanlegare blitt; no er «-mielle» ein raritet, og formene «-mielde» og «-mjelde» sågst visst ikkje meir. Derimot *Nordmelde* i Andenes tb. 1719 og *Melde* i Myre tb. 1720!

No fanst det også ein tredje «skole» i skivartradisjonen, med *-mille*

og til dels *-milde* på første halvdel av 1600-talet. Kanskje jysk «mile»: sandmel? Også dette fortsetter etter 1700: Eg noterte Nordmille frå Myre tb. 1744 og Sørville frå skifte 1745 og 1753. Både *-melle* og *-mille* hadde forresten skaffa seg «mutert» avkom: *Nordmellie* tb. 1743, *Norde Milie* i skifte 1744 og *Nordmillie* i eit anna i 1745. - Rarare endå var diftongerte former Nord- og *Sørmeile* i tb. 1711, 1712, 1730, 1735, 1737, 1738 - dertil i skifte frå 1780. Vi får heller ikkje gløyme at skrivemåten Nord- og *Sørmele* vart vanleg på 1800-talet, især mot slutten av hundreåret, endå det alt i hop er plent ukjent i bygdemålet.

Forma *Nordmollie* frå tb. 1743 ser eg på som ei forskrivning for *Nord Miolle*, som står i tb. 1745 - eller meir lydrett i tb. 1748: *Nordmiøle*. Varianten *Sørmiøle* side om side med Sørville i eitt og same skifte 1745 bør og nemnast. Her skal eg skyte inn at ein sporadisk, genuin uttale *Mjøla* (truleg rein «hypernorvagisme») er kjend munnleg kortform av begge grendenamna endå kring 1900 - seinare mest berre som herme etter gamle folk - og det har si store interesse at det 1567 (lensrekneskapen) står *Sodmiolle*, men Nordmielle. I tiendepengeskatten 1521 står det *Swdermoll* og Mø11!

For ikkje å gjere «romanen» om desse to grendenamna endå lengre skal eg i staden omtale nabogrenda (matrikkelgarden) *Nøss* som snarast. Her er dei eldste skriveformene lite påfallande: Nos 1567, Nøes jb. og leidangen 1607, Noss(s) 1610 og 1614, Nøes 1647 osv. Men Prestenes Mandtall 1666 har «Nyss». På 1700-talet er namnet skrive Nøs og Nøss ganske ofte; langt meir kunstferdig ser det ut med *Niøs* i Myre tb. 1721 og i matrikkelen 1723 - *Neøs* i Myre tb. blir ein slags parallell. Sjølv «blomen» er likevel *Neus*, som har sin glansperiode i tb. 1744 - 1746, og i eit skifte 1747 stod det både Nøs og Neus! I samband med Niøs bør også nemnast at *Nøis* har vore mykje brukt på 1800-talet og seinare, især som familienamn. - Så evna til å lage variasjonar over eit "tema" på berre 3-4 bokstavar er det ingenting å utsette på.

Oppsummering

Mengda av skriftleg materiale frå dei omtalte bygdelaga aukar sterkt etter 1710. Dette gjer at tidlegare ikkje skriftfesta uttaleformer så vel som nye skriveformer langt oftare enn før kjem til uttrykk. Det er på 1700-talet skrivetradisjonen innanfor «namneverket» tar til å leve sitt eige liv for alvor - her er ein forunderleg leik med stendig nye bokstavkombinasjonar som liksom aldri kan bli talemålsfjerne nok! Ein fragmentarisk og svært overflatisk kunnskap om andre norske

stadnamn som likna kan nok òg ha spela inn.

Mykje av dette ville berre vere morosamt, om det ikkje var for den utruleg store prestisjen desse «forvridde» namneformene fekk, etter kvart som dei vart innarbeidde styringsvegen. Det ser vi best i dei tilfella då to (med kvart tre) talemålsfjerne skriveformer tevlar seg imellom om rangen, heilt fram til vår eiga tid. Alt mens reine dialektformer så vel som forsøk på svært strenge danske normeringar også er merkande, om enn med diametralt motsett forteikn. Det gjeld for skrivarane på 1700-talet så vel som deira føre- og ettermenn: rett forståing av namnet var ingen garanti for ein rimeleg skrivemåte, heller tvert om: Ut med *fôra*, *skog* og *qual* - inn med «furu», «schou» (eller «schaug») og «hval». Også skolpen måtte få del i det høiere skrift- og talesprog, må vite, og fruktene er like sure den dag i dag.

Avkortingar: fj. -fjerding
jb. - jordbok (landskyldliste)
tb. - tingbok, tingprotokoll
AB - Aslak Bolts jordebok

Nyredigert etter artikkel i Håloygminne 1985 (b. 17 s. 129f.), der kalla "Tankar over tingboka".